
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: torsdag 22. august 2019 15:38
Til: 'Aina Isdal Haugland'
Emne: Svar på førespurnad vedkomand vedskykkje/vinterhage - gbnr 185/5 Isdal

Hei, Aina I. Haugland

Endring av skykkja slik skildra, krev at det vert søkt om endringsløyve. Tiltaket må varslast til naboar i den grad dei vert berørt av endringa.

Med helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar på byggjesak

E-post: anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 40
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Aina Isdal Haugland [<mailto:ainaisdal@outlook.com>]
Sendt: tirsdag 13. august 2019 13:08
Til: Anne Lise Molvik
Emne: Fwd: Vedskykkje/vinterhage 185/5

Hei Anne Lise,

Takk for samtale i dag. Sjå dialog med arkitekt under. Hennar forslag ser iallfall vakkert ut! I min enklaste versjon tenkjer eg det kan vere portar/ luker utan vindaug. I realiteten vert det då ein overbygd platting/léskur og ver og vind vil setje klare grenser for bruken. Staden er òg den mest verutsette på heile huset.

I ein meir gjennomarbeidd form vil det verte ein faktisk vinterhage, med vindaug og truleg også isolasjon. Eg ønskjer ikkje gjennomgang frå huset, og eg kan gjerne ha ein versjon som dekkjer vindauga med skyvevegg.

Spørsmålet er kva eg kan gjere utan ny runde med nabovarsel og byggesøknad?

Med venleg helsing

Aina Isdal Haugland
185/5
Få [Outlook for iOS](#)

Frå: Inga Lindstrøm <Inga@gamle3hus.no>
Sendt: Monday, August 12, 2019 2:24:19 PM
Til: Aina Isdal Haugland <ainaisdal@outlook.com>
Emne: Sv: Vedskykkje/vinterhage


Hei Aina

Ser at dette har potensial til endret bruk!

Jeg vil tro at dette krever en endring i byggeløyve. Og dertil en nabovarsel om endringene. Ta kontakt med kommunen.

Ved en endring av bruk vil jeg tro at det letteste å få gjennom var en situasjon med glass på innsiden av f.eks to av feltene mellom søylene/stenderne og skyvefelt med liggende kledning på utsiden. Det vil si en utenpåliggende skinne. En kan da ev. skyve to porter til hver side. Da vil konstruksjonen kunne fremstå som uendret det meste av tiden men likevel tilpasses ny bruk.

Se eksempel fra Gugalun house av Peter Zumthor i Sveits



mvh

Inga Lindstrøm
Arkitekt MNAL

Mob. 95945029

Bellgården 1, 5003 Bergen
Org nr 994 377 205

www.gamle3hus.no

Fra: Aina Isdal Haugland <ainaisdal@outlook.com>

Sendt: mandag 12. august 2019 12:30

Til: Inga Lindstrøm <Inga@gamle3hus.no>

Emne: Vedskykkje/vinterhage

Hei igjen Inga,

Eg håpar alt står bra til!

Her er det framgang og alt av kledning er no fjerna. Dette gjeld kledningen på vedskykkja.

Det som vert tydeleg er at dette er ein veldig fin plass å vere, med utsikt mot sør og vest.

Grandtanta mi fortel at det opphavleg var teikna inn som vinterhage.

Så, det eg lurte på er; innanfor byggeløyve eg har, er det mogleg å tilpasse vedskykkja ein 'dobbel' bruk - lagring i ein sesong og uteområde i ein? Finst det luker/portar eller andre løysingar som kan brukast i staden for vanlege veggjar slik at eg kan bruke den som ein slags forenkla vinterhage?

Aina





Få [Outlook for iOS](#)